

Protest mot utbygging av Drangsåna til kraftproduksjon

Me var med på synfaringa av Drangsåna den 29. juni og er godt kjende med at Clemens Kraft AS har endra forslaget sitt og flytta kraftstasjonen frå kote 10 til 40 med den grunngjevinga at då blir ikkje badeplassen påverka.

Det siste er ikkje rett, for vatnet skal først i tunnel eller røyrgate i staden for å renne over berget slik det gjer i dag. Dette vil føre til at vatnet ikkje blir varma opp av sola mens det renn nedover berga. Derfor vil temperaturen på vatnet i badekulpen søkke merkbart. Dessutan vil badekulpane høgare oppe i vassdraget bli meir eller mindre tørrlagde.

Alle argumenta me førte opp i den første høyringa (sjå vedlegget), gjeld framleis, sett bort frå at med dette siste forslaget kan det restaurert kvernhuset framleis bli ståande. Spora etter dei andre fire kvernhusa som har vore i området, vil øydeleggjast også etter dette forslaget.

Konklusjonen er klar: Me ønskjer inga utbygging av Drangsåna!

Randi Lohndal Frestad

Selmer Frestad

(grunneigarar)